



## Innkalling til Utval for levekår

**Møtedato:** 22.05.2018  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Møtetid:** 09.00

Medlemmene i Utval for levekår vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er på forfallskjema på kommunen si heimeside, slik at varamedlem vert innkalla.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentsenteret. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemmene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengeleg på dokumentsenteret.

### Sakliste

Saknr	Tittel
12/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
13/2018	Godkjenning av møtebok
14/2018	Referatsaker
15/2018	Orientering frå tilsyn 2017 ved NAV Meland
16/2018	Leige til eige - pilotprosjekt
17/2018	Orientering tenesteområde helse
18/2018	Orientering heimetenesta - arbeid med individuell plan og ansvarsgrupper
19/2018	Orientering heimetenesta - retningslinjer ferieturar for personar med nedsett funksjonsevne
20/2018	Rammeplan for Meland kulturskule
21/2018	Ålmenne kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg - 2018
22/2018	Kulturstipend 2018
23/2018	Idrettstipend 2018
24/2018	Orientering om bygdesoge for Meland - band 4
25/2018	Statusrapport for prosjekt tidleg innsats og identifisering 2017-2020
26/2018	Orientering om status på barnehageopptaket 2018
27/2018	Informasjon om status prosjekt "Trygt og godt skule- og oppvekstmiljø"
28/2018	Kartlegging/vurdering av vegstrekning kortare enn 2/4 KM - brukt til skuleveg. FV564 Flatøyvegen – Rosslandsvegen - Bustølvegen - til Sagstad skule
29/2018	Temaplan barn og unge- status og prosess vidare
30/2018	Aktuelle saker

14. august 2018

Sølvi Norunn Knudsen  
leiar

Randi Helene Hilland  
konsulent

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		18/561

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
12/2018	Utval for levekår	PS	22.05.2018

**Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Saksopplysningar:**

**Framlegg til vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		18/561

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
13/2018	Utval for levekår	PS	22.05.2018

## Godkjenning av møteprotokoll

### Vedlegg:

Protokoll - Utval for levekår - 30.01.2018

### Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møte 30.01.18 vert godkjent.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland		18/561

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
14/2018	Utval for levekår	PS	22.05.2018

## Referatsaker

### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
14/2018.1	Folkehelseprofil 2018
14/2018.2	Forslag til vedtak om retningslinjer for praksis kring hovudmål i grunnskulen
14/2018.3	Konferanse - Nordhordlandprosjektet- saman om velferdsteknologi - 06.11.2018
14/2018.4	Rapport - Kontroll av salsløyve - KIWI Frekhaug
14/2018.5	Rapport - Kontroll av salsløyve - Rema 1000 Frekhaug
14/2018.6	Rapport - Kontroll av skjenkeløyve - Sanya Restaurant
14/2018.7	Rapport - Kontroll av skjenkeløyve - Sjøslaget
14/2018.8	Referat frå dialogmøte med private barnehagar
14/2018.9	Referat frå møte 7. november 2017
14/2018.10	Referat SU/SMU 31.01.2018
14/2018.11	Revisjon av samarbeidsavtale etter Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 6-2 pkt. 4 om skildring av kommunen sitt tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp (ØHD)
14/2018.12	Ønske om inkalling til dialogmøte

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Kvam	FA - X62, TI - &58	18/448

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
15/2018	Utval for levkår	PS	22.05.2018

## Orientering frå tilsyn 2017 ved NAV Meland

### Vedlegg:

Tilsyn med NAV Meland kommune økonomisk stønad og opplysning, råd og rettleiing til personar mellom 17 og 23 år 2017

Tilsyn med introduksjonslova i Meland kommune 2017

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Ein viser til vedlegg i saka.

Tenesteområdeleiar NAV Meland vil gje ei orientering frå 2 gjennomførte tilsyn i møte.

Det eine tilsynet omfatta tenestene opplysning, råd og rettleiing og økonomisk stønad til unge mellom 17 og 23 år. Fylkesmannen undersøkte om kommunen gjennom si styring og leiing sørgjer for at tenestene er tilgjengelege for personar mellom 17 og 23 år, og at tildeling og oppfølging av tenestene er forsvarlege.

Det andre tilsynet omfatta kommunen sin forvaltning av introduksjonslova. Tema er her avgrensa til introduksjonslova § 6 og § 19 første ledd om individuell plan for deltakarar i introduksjonsprogram

### Konklusjon

NAV Meland vil gje ei orientering frå to gjennomførte tilsyn i 2017.

### Framlegg til vedtak:

Utval for levkår tek informasjon frå to gjennomførte tilsyn ved NAV Meland i 2017 til orientering.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Arngunna Haga	- 613, - & 55	18/1084

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
16/2018	Utval for levekår	PS	22.05.2018
	Kommunestyret	PS	

## Leige til eige - pilotprosjekt

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Meland kommune har for få kommunale bustader. Det har vore eit uttalt mål at kommunen ynskjer auka turnover i dei kommunale bustadane. Kommunen ynskjer og at fleire vert i stand til å kjøpa eigen bustad.

Husbanken si ordning med startlån skal hjelpe vanskelegstilte inn på bustadmarknaden. Rådmannen ser at det er søkjarar som får avslag på startlån sjølv om dei er i målgruppa for låneordninga. I all hovudsak skuldast avslag på startlån at søkjar ikkje fyller krav til betjeningsevne og eigenkapital på søknadstidspunktet. Enkelt sagt kan vi seie at dei ordningane vi har i dag, ikkje treff dei svakaste i kategorien varig økonomisk vanskelegstilte.

Norge har eit skattesystem som favoriserar bustadeigarar meir enn leigetakarar. I eit lengre tidsperspektiv er det meir gunstig å eige bustad framfor å leige. Leiemarknaden er i dag kjenneteikna av kortidsleige og mange små bustader. Flerie av de bustadsosiale verkemidla er innretta mot å hjelpe vanskelegstilte med å kjøpe eigen bustad. I tillegg til at eige av bustad er gunstig økonomisk, gir det for dei fleste større stabilitet og tryggleik.

#### Vurdering

Eit bustadsosialt tiltak Meland kommune ikkje har prøvd tidlegare, er ordninga «Leige til eige». Husbanken har ordninga «Leige til eige» (sjå Husbanken sine sider), men rådmannen gjer kommunestyret merksam på at det ikkje fylgjer egne midlar frå Husbanken til ordninga. I ordninga «Leige til eige» må kommunen tenkje alternativt kring egne investeringsmidlar og nytta dei støtteordningar som alt ligg i Husbanken i dag. Husbanken forvaltar ikkje eit eige regelverk eller har utarbeidd egne rutiner for ordninga. Den enkelte kommune må difor utarbeide egne retningslinjer for «Leige til eige» i eigen kommune.

I «Leige til eige» fyller ikkje husstanden krava til betjeningsevne og/eller eigenkapital for å få lån per i dag, men er i målgruppa for leige av kommunal bustad. Kommunen vurderer at husstanden har eit potensiale for å eige bustaden på eit seinare tidspunkt. Kommunen skaffar ein bustad som er tilpassa noverande og framtidige behov for husstanden. Husstanden leiger i til dømes tre eller fem år før dei får mulighet til å kjøpa bustaden. Husleige tilsvarar kommunen sine utgifter knytt til den konkrete bustaden, slik at husstanden har mulighet til å spare eigenkapital i leigeperioden.

Alternativt kan gjengs leige/marknadsleige nyttast, der overskot vert reflektert i ein redusert kjøpspris. Kjøpet av bustaden etter tre eller fem år vert finansiert ved hjelp av oppspart eigenkapital, startlån eller lån i ordinær bank og eventuelt tilskot til etablering. Unge i etableringsfasen eller menneske som må nyetablere seg er ikkje i målgruppa for denne arbeidsprosessen. Denne ordninga er for dei som vert vurdert som varig økonomisk vanskelegstilte.

Intensjonane i ordninga «Leige til eige» er dei same som for alt bustadsosialt arbeid. Det som skil denne ordninga frå andre tiltak er at leigetakar får opsjon til å kjøpe bustaden han leiger til kostpris. Kommunen får dermed ikkje med eventuell prisstigning i marknaden.

Kommunar har utarbeidd ulike retningslinjer og rutiner for ordninga «Leige til eige». Rådmannen ynskjer difor i første omgang og prøva ut ordninga «Leige til eige» i ein eigen pilot med eit begrensa tal bueingar. Rådmannen vurderer at piloten vil gje naudsynt erfaring til å kunne vurdere om ordninga «Leige til eige» skal etablerast som fast ordning i Meland kommune. Rådmannen ber kommunestyret støtte at kommunen nyttar alt budsjetterte investeringsmidlar til ordninga «Leige til eige». Rådmannen presiserer at det i denne omgang ikkje blir bedt om ytterlegare investeringsmidlar. Rådmannen vurderer at den økonomiske risikoen ved å investera i ordninga «Leige til eige» ikkje skil seg vestentleg frå investering i øvrige kommunale bustader. I eit folkehelseperspektiv understreker Rådmannen at det å ha ein trygg busituasjon er ein føresetnad for eit godt og stabilt liv. Rådmannen vurderer vidare at ordninga «Leige til eige» ikkje har andre konsekvensar for miljø enn det andre investeringar i bustader har.

### **Konklusjon**

Rådmannen ber Kommunestyret prøva ut ordninga «Leige til eige» i første omgang som ein pilot. I piloten vil kommunen investere i inntil fire bueingar til føremålet. Pilotarbeidet vil gi naudsynt erfaring og gje kommunestyret eit grunnlag for å kunne vurdere om ordninga «Leige til eige» skal etablerast som permanent ordning i Meland kommune og kan overførast til Alver kommune.

### **Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtar at ordninga «Leige til eige» vert etablert som eit pilotprosjekt der kommunen kan investere inntil fire bueingar til føremålet. Piloten vil gje kommunen eit grunnlag til vurdere om ordninga «Leige til eige» skal etablerast som permanent ordning i Meland kommune.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Helge Kvam	FA - G10	18/1287

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
17/2018	Utval for levekår	PS	22.05.2018

## Orientering tenesteområde helse

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Utval for levekår ønskjer informasjon om status innan tenesteområde helse.

Leiar for tenesteområde vil orientere, og aktuell presentasjon vert utdelt i møte.

#### Konklusjon

Leiar tenesteområde helse orienterer om status.

#### Framlegg til vedtak:

Utval for levekår tek informasjon frå tenesteområde helse til orientering.



# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Helge Kvam	FE - 144	18/1246

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
18/2018	Utval for levekår	PS	22.05.2018

## Orientering heimetenesta - arbeid med individuell plan og ansvarsgrupper

### Vedlegg:

Mandat for systemkoordinator i Meland kommune per 06.06.2016  
Melding om behov for individuell plan koordinator versjon 04.03.17

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Utval for levekår ønskjer ei orientering om status innan arbeid med individuell plan og ansvarsgrupper.

Overordna ansvar for koordinerande eining er per tid lagt til tenesteområde heimetenesta v/tenesteområdeleiar.

Ein viser m.a. til Mandat for systemkoordinator i Meland kommune (vedlegg), og kommunal heimeside <http://www.meland.kommune.no/meland-heimeteneste.298782.nn.html>

Leiar tenesteområde heimetenesta vil gje ei orientering om status i arbeidet, og aktuell presentasjon vert utdelt i møte.

#### Konklusjon

Leiar tenesteområde heimetenesta vil orientere i møte.

#### Framlegg til vedtak:

Utval for levekår tek informasjon om arbeid med individuell plan og ansvarsgrupper til orientering.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Helge Kvam	FA - C10, TI - &70	18/1241

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
19/2018	Utval for levekår	PS	22.05.2018

## Orientering heimetenesta - retningsliner ferieturar for personar med nedsett funksjonsevne

### Vedlegg:

Retningsliner ferieturar for personar med nedsett funksjonsevne datert 09.03.17

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Utval for levekår ønskjer informasjon om status for retningsliner ferieturar for personar med nedsett funksjonsevne.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne fekk orientering om tema i møte 30.01.17 sak 06/2017.

Ein viser til vedlegg datert 09.03.27, og leiar tenestoområde heimetenesta vil orientere i møte.

### Konklusjon

Leiar tenestoområde heimetenesta vil orientera om status for retningsliner ferieturar for personar med nedsett funksjonsevne.

### Framlegg til vedtak:

Utval for levekår tek informasjon om retningsliner ferieturar for personar med nedsett funksjonsevne til orientering.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FA - B13	18/1302

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
20/2018	Utval for levekår	PS	22.05.2018
	Kommunestyret	PS	

## Rammeplan for Meland kulturskule

### Vedlegg:

Rammeplan for Meland kulturskule

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

#### Sentral rammeplan

I 2012 bestilte landsmøtet til Norsk kulturskuleråd ny sentral rammeplan, til erstatning for rammeplanen frå 2003, *På vei til mangfold*. Planen var til høyring i kommunane, og høyringsfråsegn frå Meland vart handsama i KS-45/2014 med vedtak «*Meland kommune meiner ny rammeplan for kulturskulen er ein framtidretta og god plan, men vil peike på at ulikskapen mellom kommunane må takast omsyn til i den vidare handsaminga av planen.*»

Meland kulturskule vart av Norsk kulturskuleråd peikt ut til å vere ein av tre pilotkulturskular i Hordaland i dette arbeidet, saman med Askøy og Bergen kulturskular.

Den sentrale rammeplanen vart endeleg vedtatt av Norsk kulturskuleråd sitt landsmøte i 2016, med tittel *Rammeplan for kulturskolen – mangfold og fordyping*. Denne planen er rådgjevande for kommunane fram til eventuelle lokale politiske vedtak.

#### Lokal rammeplan

For å førebu saka for vidare handsaming, har kulturskulen arbeidd med å tilpasse den sentrale rammeplanen for dei lokale tilhøva i Meland, mellom anna med eigne lokale fagplanar for dei einskilde undervisingsfaga, samt ved å la dei overordna prinsippa spegle lokal pedagogisk praksis og andre tilhøve ved kulturskulens drift.

Dette arbeidet har resultert i den lokale rammeplanen som no ligg føre, og er i tre delar, *samfunnsoppdrag, prinsipp og retningslinjer og fagplanar*. Kulturskulen sine vedtekter er ikkje del av denne saka.

### **Vurdering**

Ein lokalt tilpassa rammeplan, med tilhøyrande fagplanar og brei forankring i personalet, vil vere ei styrke for drifta og den faglege kvalitetssikringa av undervisinga ved Meland kulturskule. Planen legg ikkje opp til økonomiske forpliktingar, anna enn ulike kvalitets- og kompetanseomsyn. Desse omsyna samsvarar med drifta av kulturskulen dei siste åra, og planen er slik ei stadfesting og planmessig forankring av kvalitets- og undervisingstradisjonen ved skulen.

Planen kjem nær kommunesamanslåing, men tek ikkje om seg å leggje føringar inn mot Alver kommune. Planen som no ligg føre til politisk handsaming er resultat av eit stort, breitt og omfattande arbeid ved Meland kulturskule dei siste åra, som oppfølging av deltakinga inn mot det sentrale rammeplanarbeidet. Det vert vurdert til at dette arbeidet bør verte slutført.

### **Folkehelse**

Deltaking i kulturaktiviteter og kreative uttrykk er sett på som positivt for folkehelsa til barn og unge.

### **Miljø**

Planen har ikkje påverknad på miljø.

### **Økonomi**

Planen legg ikkje opp til økonomiske føringar.

### **Konklusjon**

Rammeplan for Meland kulturskule ligg føre til handsaming. Planen er ei lokal tilpassing av Norsk kulturskuleråd sin sentrale rammeplan, og har hovudfokus på fagleg kvalitet og eit føreseieleg fagleg sterkt kulturskuletilbod til barn og unge i Meland kommune.

### **Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner Rammeplan for Meland kulturskule slik han ligg føre

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FE - 223	17/3073

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
21/2018	Utval for levekår	PS	22.05.2018

## Ålmenne kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg - 2018

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Dei ålmenne kulturmidlane og tilskot til drift av idrettsanlegg i Meland kommune er klare til handsaming for 2018. Kulturmidlane har vore lyst ut i Avisa Nordhordland, Meland kommune sine Facebook- og heimesider, samt Oppslagstavla for Meland (Facebook) og ulike sosiale media i kommunens regi. I tillegg vart informasjon sendt til lag i kommunen via e-post.

Det er komne inn 67 søknadar fordelt som følgjer:

	<b>2018</b>	<b>2017</b>	<b>2016</b>	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>
Andre lag	16	17	19	18	16	10
Barne – og ungdomsarbeid	8	13	15	12	13	12
Forsamlingshus	9	11	8	8	8	3
Friluftsliv	2	5	3	2	2	-
Idrett	11	9	10	8	9	7
Kulturminnevern	10	4	6	8	2	2
Leikeplassar	2	7	4	4	3	2
Song og musikk	9	10	10	10	10	6
<b>Total</b>	<b>67</b>	<b>76</b>	<b>75</b>	<b>70</b>	<b>69</b>	<b>42</b>

Tilskot til idrettslag og tilskot til drift av idrettsanlegg har vore til uttale hos Meland idrettsråd, dei øvrige kategoriane har vore til uttale hos Meland ungdomsråd i UR-23/2018

### Vurdering

I 2018 er det til fordeling kr 1 657 000. I vurderinga av søknadane er det lagt vekt på faste tiltak som vert drivne heile året. Tiltak retta mot barn og unge vert prioritert. Tilskot til tiltak for denne aldersgruppa er spreidd på fleire ordningar. Innstillinga frå Meland idrettsråd er tatt omsyn til med unntak, merknad frå Meland ungdomsråd er tatt til orientering.

Retningslinene for tildeling av kulturmidlar i Meland kommune vart sist revidert i KS-122/2017. Tilskotsmottakarane vert oppmoda til å undersøkje dei generelle vilkåra for tildeling av kulturmidlar.

	Søknadssum 2018	Til fordeling 2018	Søknadssum 2017	Til fordeling 2017	Søknadssum 2016	Til fordeling 2016
Andre lag	161 000	134 000	224 375	124 000	319 599	153 000
Barne – og ungdomsarbeid	87 000	77 000	178 000	57 500	155 308	76 500
Drift av idrettsanlegg	750 000	750 000	650 000	650 000	650 000	650 000
Forsamlingshus	276 000	171 000	439 312	157 500	559 000	122 500
Friluftsliv	50 000	35 000	219 200	97 500	60 000	40 500
Idrett	150 000	150 000	120 000	120 000	120 000	120 000
Kulturminnevern	475 500	160 000	175 000	140 000	237 000	95 000
Leikeplassar	28 800	18 000	78 800	57 500	50 000	40 000
Song og musikk	241 000	162 000	214 000	151 000	245 000	139 000
<b>Total</b>	<b>2 219 300</b>	<b>1 657 000</b>	2 298 687	1 555 000	2 395 907	1436 500

### Innstilling til tildeling av ålmenne kulturmidlar og tilskot av drift av idrettsanlegg 2018:

#### Tilskot til andre lag

Søkjjar	Tiltak	Søknadssum	Tilskot
Austebygda fritidspark	BMX-bane	10 000	10 000
Fløksand grendalag	Drift, kurs, arr	8 000	8 000
Kystsogedagane på Holmeknappen	Arr	25 000	25 000
LHL Meland	Arr	10 000	5 000
Meland jazzkafe	Drift, kurs, arr	10 000	10 000
Meland sokn	Norsk kurs, int. kafe	10 000	10 000
Meland sokn	Open møteplass	10 000	10 000
Meland sokn	Rosetenesta	2 000	-
Mental helse Meland	Drift, kurs, arr	5 000	5 000
Midtre Holsnøy grunneigarlag	Reguleringsfiske	6 000	6 000
Mongsedalen vel	Plenklippar fellesareal	15 000	-
Musikkens venner Nordhordland	Drift	20 000	15 000
Myrtveit bygdehus	Drift	5 000	5 000
Nordhordland husflidlag	Drift, kurs, arr	10 000	10 000
Nordhordland kunstlag	Drift, kurs, arr	3 000	3 000
Rosland indremisjon	Drift, kurs, arr	12 000	12 000

#### Tilskot til barne- og ungdomsarbeid

Søkjjar	Tiltak	Søknadssum	Tilskot
Kongebarna, Norkirken	Drift, utstyr	4 000	4 000
Meland sokn	Løvegjengen	8 000	8 000
Nordhordland Turlag	Dnt Ung	20 000	15 000
Roslandsvåg arbeidsstove	Drift, utstyr	5 000	5 000

Sagstad kristelege ungdomslag	Instrument/utstyr	10 000	10 000
Ungdomslaget Solglytt	Arr	10 000	10 000
Ungdomslaget Von	Utstyr	25 000	20 000
Team Flatøy 4H	Utstyr	5 000	5 000

Tilskot til forsamlingshus  
Rapportfrist 1.12.2018

Søkjær	Tiltak	Søknadssum	Tilskot
Flatøy bygdelag	Kjøkken	50 000	30 000
Husebøkrinsen bygdelag	Lydanlegg/møblar	12 000	12 000
Husebøkrinsen bygdelag	Div. arb. hus	80 000	-
Meland Musikklag	Div. arb. hus	35 000	30 000
Stiftinga Nordgardsløa	Arb. møne	25 000	25 000
Nordre Austebygd vel	Skuleplass	20 000	20 000
Ungdomslaget Framsteg	Låssystem, fuktprob	20 000	20 000
Ungdomslaget Solglytt	Tørking kjellar	9 000	9 000
Ungdomslaget Von	Kjøkken, nedbetaling	25 000	25 000

Tilskot til friluftslivstiltak  
Rapportfrist 1.12.2018

Søkjær	Tiltak	Søknadssum	Tilskot
Mjåtveitelvens foreining	Sti, renseanlegg, skilt	20 000	5 000
Per Atle Sæle	Gml Mjåtveitvegen	30 000	30 000

Tilskot til kulturminnevern  
Rapportfrist 1.12.2018

Søkjær	Tiltak	Søknadssum	Tilskot
Alexander Helle	3dScan Fureskjegget	27 500	-
Alexander Helle	Maskinhuset	50 000	25 000
DS Oster	Div.	10 000	10 000
Gripen gard	Eldhus	40 000	20 000
Gripen gard	Smie	25 000	-
Hans Martin Husebø	Notbu	103 000	35 000
Jegvan Kaarbø, Holsnøy kystlag	Ferdigstilling prestebrygga	50 000	10 000
Kari Skjelanger	Jordkjellar del 2	80 000	20 000
Mona Haukeland	Rehab. Hus	40 000	-
Terje Marheim	Helletak Dalstø	50 000	40 000

Tilskot til leikeplassar  
 Rapportfrist 1.12.2018

Søkjjar	Tiltak	Søknadssum	Tilskot
Husebøkrinsen bygdelag	Div. arb. leikeareal	8 800	8 000
Lonerenen vel	Leikeareal del 2	20 000	10 000

Tilskot til song og musikk

Søkjjar	Tiltak	Søknadssum	Tilskot
Felix Vocalis	Drift	5 000	5 000
Frekhaug indremisjon, Levande lys	Drift	6 000	6 000
Meland musikklag	Drift, instrument	50 000	25 000
Meland mållag, Måltrastena	Drift	10 000	6 000
Rosslund skulekorps	Drift, instrument	50 000	50 000
Sagstad skulekorps	Drift, instrument	75 000	50 000
Skala Brass Band	Drift, utstyr	15 000	12 000
Songkoret Vågen	Konsert	20 000	-
UL Framsteg, Strilongane	Drift, piano	10 000	8 000

Tilskot til idrett

Søkjjar	Tiltak	Søknadssum	Tilskot
Frekhaug diskgolfflubb	Drift	-	7 000
IL Kvernbit	Drift	-	59 000
Meland golf	Drift	-	21 000
Meland motorsportklubb	Drift	-	9 000
Meland skyttarlag	Drift	-	11 000
Nordhordland bokseklubb	Drift	-	4 000
Nordhordland dykkarklubb	Drift	-	4 000
Nordhordland padleklubb	Drift	-	6 000
Nordhordland Seilforening	Drift	-	4 000
Nordre Holsnøy IL	Drift	-	25 000

Tilskot til drift av idrettsanlegg

Søkjjar	Tiltak	Søknadssum	Tilskot
Frekhaug diskgolfflubb		-	30 000
IL Kvernbit		-	260000
Meland golf		-	100000
Meland motorsportklubb		-	110000
Meland skyttarlag		-	100000
Nordhordland padleklubb		-	50 000
Nordre Holsnøy IL		-	100000



**Folkehelse**

Tilskota er sentrale for folkehelsa i kommunen

**Miljø**

Alle tilskotsmottakarar må ta omsyn til miljø, jf. retningslinene

**Økonomi**

Tilskota er tatt høgde for i eksisterande ramme

**Konklusjon**

Innstilling til fordeling av ålmenne kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg i Meland kommune 2018 ligg føre. Tilskota er svært viktige for den omfattande frivillige innsatsen i kommunen, og vil vere med å stimulere til positive kulturaktivitetar for innbyggjarane.

**Framlegg til vedtak:**

Utval for levekår godkjenner fordelinga av ålmenne kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg slike ho ligg føre i vurderinga.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FA - C00, FE - 505	18/575

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
22/2018	Utval for levekår	PS	22.05.2018

## Kulturstipend 2018

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kulturstipendet vart oppretta i KS-45/2017 og delt ut for første gong same år. Avgjerd skjer i Utval for levekår.

#### Vurdering

Det er komne inn 4 søknadar:

Jarle Håland – *Kursaktiviteter lydstudio for barn og unge*

Katarzyna Julia Leikvoll - *Grunnleggende komponering for begynnere med piano som hovedinstrument*

Kristin Minde Kråkenes – *Arbeid med nytt materiale, låtskrivercamp med unge*

Stein Bakke og Ingelin Skei – *Framføring av tekstar og melodiar av Jan Holsen*

#### Folkehelse

Stipendet skal bidra til positiv effekt for folkehelsa

#### Miljø

Stipendet har ikkje påverknad på miljø

#### Økonomi

Stipendet er tatt høgde for i eksisterande ramme

#### Konklusjon

Det er komne inn 4 søknadar til Meland kommune sitt kulturstipend i 2018. Søknadar, innstilling og vurdering vert delt ut i møtet.

#### Framlegg til vedtak:

Utval for levekår tildeler Kulturstipend for Meland kommune 2018 etter vurdering i møte.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FA - C21, FA - B38	18/541

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
23/2018	Utval for levekår	PS	22.05.2018

## Idrettstipend 2018

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Idrettstipendet vart oppretta i KS-121/2017 og vert delt ut for første gong i 2018. Avgjerd skjer i Utval for levekår. Meland idrettsråd er høyringsorgan for tildelinga, og har levert innstilling.

#### Vurdering

Det er komne inn 3 søknadar:

Runar Sudmann, Meland motorsportklubb

Endre Skurtveit, Nordhordland padleklubb

Jonas Rasmussen Bjørge, Norsk Motor Klubb Bergen

#### Folkehelse

Stipendet skal bidra til positiv effekt for folkehelsa

#### Miljø

Stipendet har ikkje påverknad på miljø

#### Økonomi

Stipendet er tatt høgde for i eksisterande ramme

#### Konklusjon

Det er komne inn 3 søknadar til Meland kommune sitt idrettstipend i 2018. Søknadar, innstilling og vurdering vert delt ut i møtet.

#### Framlegg til vedtak:

Utval for levekår tildeler Idrettstipend for Meland kommune 2018 etter vurdering i møte.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FE - 004	18/1301

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
24/2018	Utval for levekår	PS	22.05.2018

## Orientering om bygdesoge for Meland - band 4

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Leiar i Utval for levekår har ønskt at det vert heldt ei orientering om det opphavleg planlagde band 4 av bygdesoga for Meland.

#### Vurdering

Arnt Brakstad er invitert til å orientere om saka. Brakstad er leiar i Meland sogelag, og leia arbeidet med bygdesoga som leiar i boknemnda.

#### Folkehelse

Ikkje relevant for saka

#### Miljø

Ikkje relevant for saka

#### Økonomi

Saka omhandlar ikkje økonomi

#### Konklusjon

Brakstad er invitert til å halde ei orientering om saka.

#### Framlegg til vedtak:

Utval for levekår tek orienteringa til vitande.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Mette Marei Træland	FA - B01	18/1228

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
25/2018	Utval for levekår	PS	22.05.2018

## Statusrapport for prosjekt tidleg innsats og identifisering 2017-2020

### Vedlegg:

Tidleg innsats 2017-2020(313208)

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i sak 43/2017 arbeid med prosjekt «Tidleg innsats og identifisering 2017-2020, og prosjektplanen for dette.

Hovudmål for prosjektet er å førebyggje psykososiale vanskar hos barnehagebarn og stimulere utviklinga av språk og realfag.

Barnehagelova §8 seier at kommunen som lokal barnehagemynde har eit overordna ansvar for å sikre at barn har eit godt pedagogisk og trygt barnehagetilbod. Kvalitetsplan for barnehagesektoren vart vedteke i KS-sak 16/9687. Barnehagelova § 19c, gjeldande frå 01-08.16 seier at PPT skal drive kompetanseutvikling – og organisasjonsutviklingsarbeide i sektoren.

Bakgrunnen for prosjektet er forskning som viser at tidleg innsats i barnehagen har effekt, og i NOU 2009:18 er hovudkonklusjonen at «forbedring av den allmenne ordningene er det viktigste grepet overfor barn, unge og voksne med særskilte behov». Ved å sjå barna sine behov tidleg vil ein kunne førebyggje problem seinare.

Prosjektet har som mål å sikre at alle barn i barnehage får pedagogisk tilrettelegging ut frå sine føresetnader. Prosjektet må og sjåast i samanheng med « Barnehageplan/ Kvalitetsdel for barnehage 2016-2010» vedteken i KS 55/2016. Resultatmål i kvalitetetplanen er at alle barn skal oppleve venskap med andre barn, og oppleve glede og trivnad. Barnehagane sitt arbeid med måla i kvalitetsplanen vert presentert i rapport til hausten.

### **Prosjekt tidleg innsats har ulike tiltak som utgjer verktøykassa for barnehagane:**

- ICDP :Program for foreldreveiledning. ICDP er eit veiledningsprogram for omsorgsgjevare på ulike arenaer. <http://icdp.no/>

- PGS: Problemløysing gjennom samarbeid.  
<https://famlab.no/problemlosing-gjennom-samarbeid/>
- Circle of security: Foreldre vert trent på å trygge born som er relasjonsskadde.  
<https://www.circleofsecurityinternational.com/trainings>
- Fokus: Kartleggings og opplæringsmateriell for barn med store vanskar med merksemd.  
<http://www.statped.no/temaer/tidlig-innsats/om-tidlig-innsats/>
- Psykologisk førstehjelp: Arbeide med å setje ord på kjensler og fremme positive tankar.  
[http://www.vfb.no/no/barns\\_psykiske\\_helse/barnehage/](http://www.vfb.no/no/barns_psykiske_helse/barnehage/)
- Bravo: Språk og begrepstrening  
<http://bravoleken.no/>
- Real FAG : Nasjonal satsing. Kommunen har vore realfagskommune i 2 år. Gjeld både skule og barnehage.  
<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/nasjonale-satsinger/realfagsstrategien/>

I 2017 har det vore arbeidd med systemretta prosessar for dei ulike områda.

I 2017 fekk to tilsette godkjent nasjonal trenarutdanning for ICDP gjennom BUFDIR. Dette betyr at Meland no har resursar til å utdanne sine eigne trenere.

Hausten 2017 fekk Meland kommune 10 nye ICDP veiledere, og våren 2018 vil to til verte sertifiserte. Veidarane arbeidar på ulike plassar: I barnehage, i spesialpedagogisk team, på helsestasjonen, i psykisk helseteneste , og på flyktingtensta i NAV.

I alt er det no 35 veiledare på ulike arbeidsplassar i kommunen.

For å halde kunnskapen ved like vert rettleiarane i Meland invitert på to lokale lærande nettverksamlingar i året. På nettverka får dei fagleg påfyll og delar ulike erfaringar med kvarandre.

#### Aktivitetar knytt til ICDP:

- Helsestasjonen tilbyr eitt veiledningskurs kvart halvår for foreldre. Kurset er populært og er etterspurt. Rekruttering av foreldre vert organisert ved at det vert sendt ut invitasjon til barnehagar og på helsestasjonen.
- Flyktingetenesta har gjeve tilbod til foreldre i etterkant av introduksjonskurs vinteren 2017/18.
- Spesialpedagogar har halde kurs for barnehagepersonale som arbeidar med barn med særskilde behov frå ulike barnehagar.
- Barnehagelærarane i tre barnehagar har kurset personale i barnehagane.

Prosjektet har vore evaluert av referansegruppa som består av styrarane i barnehagane. ICDP rettleiarane har gjeve tilbakemeldingar på programmet. Basert på tilbakemeldingar er det laga plan for 2018. Utval for levekår er referansegruppe og får saka til handsaming no.

### **I 2017 har det vore ulike tiltak på dei andre innsatsområda:**

- PGS- Ross Greene: Planlagt våren 2018 mot spesielle tiltak i barnehagar
- COS veiledning har vore gjeve tilbod til personale frå 3 barnehagar hausten 2017. Omfang. 6 samlingar a 1,5 timar. I tillegg har det vore gjeve tilleggskurs for ein del barnehagar og utvald personale i tre skular har fått kurs 3 x 1,5 timar.
- Grøne tankar glade barn: Ei nettverkskveld hausten 2017, og våren 2018.
- Bravoleiken : 4 barnehagar mot einskilde barn i 2017.
- Real FAGSSATSINGA : 2 nettverk hausten 2017 for skular og barnehagar.
- Fokus: Det vil verte sett opp kurs hausten 2018.
- ICDP: To nettverk for veiledere. Ny veilederutdanning hausten 2018. 6 heile kursdagar, 2 halve dagar samlingar med veiledning. Gjennomføring av eigne grupper 6 samlingar a 1,5 timar. Skriftleg logg og deltaking i nettverksgruppe. Rekruttering, med for og etterarbeid.

Våren og hausten 2018 er det laga aktivitetsplan vidare for dei ulike områda. Prosjektgruppa har møter for å vurdere arbeidet, og lage nye planar vidare.

### **Vurdering**

**Prosjekt «tidleg innsats» er retta mest mot barnehagane i Meland. Unntak er ICDP som vert tilbudd alle avdelingar som arbeidar med born og unge 0-18 år. ICDP gjev lik kunnskap om positiv grensesetjing og erfaringsdeling på tvers av ulike arenaer. Dette vert opplevd som nyttig og viktig for dei som arbeidar i Meland. «Å få eit felles språk» er viktig. For personale i barnehage er ICDP eit reiskap dei kan nytte saman og såleis skape ei lærande organisasjon og barnehagebasert kompetanseheving.**

[www.icdp.no](http://www.icdp.no)

### **Framdrifta for ICDP:**

Målet er fortsatt å gje barnehagane veilederkompetansekurs og kunne nytte kompetansen i personalgruppa. Helsestasjonen ønskjer å gje tilbod til flest mogeleg, og flyktningetenesta vil satse på ICDP. Ved å ha trenerkompetansen i kommunen kan opplæringa verte vedlikehaldt og utdanninga av nye veiledere er lett å gjennomføre. Det gjer at barnehagen har fast tilgang på kompetansen og kan få utdanne personalet. Flyktningetenesta kan nå flyktningane med eit veiledningstilbod for foreldre. Helsestasjonen kan gje veiledning til foreldre generelt og til dei som har særskild trong for det.

Det er viktig å ha lærande nettverk ei gong kvart halvår, og kunne tilby kveldskurs i barnehagar for personalgruppar og foreldre for å utvide kunnskapen om ICDP hos flest mogeleg.

### Framdrift for dei andre programma:

Det er laga plan for vår og haust 2018 med tilbod til barnehagane om kurs og lærande nettverk kvart halvår til barnehagane. I tillegg vil tilbod verte «skreddarsydd» til ein skilde barnehagar og barn/foreldre.

### Status for realfagssatsinga:

For realfag vil nettversarbeidet halde fram i 2018. Det vil verte laga 6 nettverk. Eit for kvart skule/ barnehagekrins, og eitt for ungdomskulane. I nettverka vil fokus vere samarbeid med barnehage og skule, og gje tilsette mogelegheit for å verte betre kjend med kvarandre si praksis.

Gevinsten vil vera at nærleiken og samarbeidet kan skapa nye måtar å samarbeide om realfag på ved overgang frå barnehage og til skule.

COS tilbodet tek utgangspunkt i psykologisk tilknytningsteori og gjev veldig god hjelp til foreldre og omsorgspersonar for barn som er tilknytningsskade eller har omfattande reguleringsvanskar slik at det er spesielt vanskeleg å ivareta dei på ei god måte. Tilbakemelding frå COS opplæringa er at dette er ein god og nyttig kunnskap for å hjelpe desse barna.

Dei andre programma som har vore nytta er mindre omfattande. Det har vore ein utfordring for barnehagane å prioritere nettverk/ kurs i kvardagen grunna sjukefråver og økonomi.

Folkehelse : Tidleg innsats er ein del av Meland kommune si strategi for folkehelsearbeidet.

Miljø : Arbeidet fremmer utvikling av gode psykososiale miljø i barnehage og i skule.

Økonomi : Å investere tidleg i barn sine liv med gode system vil gje born gode føresetnader for å kunne meistre livet i skule og vaksenlivet. Ein berekraftig forståing ligg til grunn for arbeidet med tidleg innsats.

Sjølv om økonomien i «tidlig innsats» for barnehage, ikkje er budsjettert med friske midlar i organisasjonen trengs det nokon midlar på ulike nivå i organisasjonen for å kunne drive aktivitetane. Vi vil komme attende til dette under handsaming av neste års budsjett med framlegg til ramme.

Dersom kompetansehevinga skal verte implementert vidare vil det førebyggjande arbeidet kunne føre til at oppmeldingar til PPT og spesialpedagogiske timar vert redusert. Midlar til tidleg innsats frå staten kan verte nytta inn for å styrke prosjektet vidare. Signal frå staten om tidleg innsatsmidlar og kompetansemidlar for barnehagesektoren er uklart når det gjelder vidareføring av midlane i 2019.

Arbeidet er viktig og nyttig og dei kommunale avdelingane som driv prosjektet og dei kommunalavdelingane som utfører ICDP veiledning er avhengig av budsjett for å kunne drive prosjektet vidare.

### **Konklusjon**

**Arbeid med prosjektet tidleg innsats og identifisering retta mot barnehagebarn er godt i gang, og er godt motteke av barnehagane, føresette og avdelingar i Meland kommune. Det vil verte vidareført etter prosjektplana, men med justering etter innspel frå leiarane og andre aktørar i referansegruppa. Graden av aktivitet vidare er avhengig av fortsatt prioritet på budsjetta. Kompetanse bygd opp i desse åra vert viktig å føre vidare inn i Alver kommune.**



**Framlegg til vedtak:**

Utval for levekår tek statusrapport for tidleg innsats og identifisering til vitande.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Mette Marei Træland	FA - A10	18/1288

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
26/2018	Utval for levekår	PS	22.05.2018

## Orientering om status på barnehageopptaket 2018

### Saksopplysningar: Bakgrunn

### Vurdering

Orienteringa vert lagt fram i møtet.

### Framlegg til vedtak:

Utval for levekår tek orienteringa om barnehageopptaket 2018 til vitande.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Reidun Elin Johannessen	FA - B08	17/3016

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
27/2018	Utval for levekår	PS	22.05.2018

## Informasjon om status prosjekt "Trygt og godt skule- og oppvekstmiljø"

### Vedlegg:

Prosjektmandat - Trygt og godt skule- og oppvekstmiljø 2018 og 2019 (versjon 0.1)

### Saksopplysningar:

Skulefagleg seniorrådgjevar vil orientere kort om status arbeid med prosjektet «*Trygt og godt skule- og oppvekstmiljø*». Prosjektet vert sett i samanheng med fellesprosjektet «*Betre læringsmiljø*» i Alver kommune Januar 2018 – juni 2022.

### Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Reidun Elin Johannessen	FA - Q13, FA - N06	18/989

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
28/2018	Utval for levekår	PS	22.05.2018
	Kommunestyret	PS	

## Kartlegging/vurdering av vegstrekning kortare enn 2/4 KM - brukt til skuleveg. FV564 Flatøyvegen – Rosslandsvegen - Bustølvegen - til Sagstad skule

### Vedlegg:

Innspill skuleskyss flatøy-sagstad

Kartlegging/vurdering av vegstrekning kortare enn 2/4 KM - brukt til skuleveg. Fv. 564 Flatøyvegen – Rosslandsvegen-Bustølvegen (til Sagstad skule)

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Bakgrunn for vurdering av vegstrekninga ligg i budsjettvedtak for 2018. I punkt 13.2 om skuleskyss står det: «*Vedtak om særskilt skyss grunna farleg veg for elevar frå Flatøy til Meland ungdomsskule og Danielsen ungdomsskule (Fv 564) blir oppheva gjeldande frå 01.01.2018. Det vert laga eigen sak til kommunestyret med føremål om oppheving av skyss for elevar frå Flatøy til Sagstad skule for aktuelle aldersgrupper gjeldande frå 1.8.2018*».

Det er gjort ei vurdering av om strekninga er *særleg farleg eller vanskeleg* (ligg vedlagt). Vurderinga har vore til høyring hos FAU ved Sagstad skule. Innspel ligg vedlagt.

#### Rettsleg grunnlag:

Opplæringslova § 7-1: «*Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda*». Saksutgreiinga byggjer på tolkingar frå Udir-3-2009 (sist enda 21.08.2017) pkt. 12 s.12.

#### Føresetnader ved vegen:

1. Trafikktettleik: ÅDT (minste) på 6600 Rosslandsvegen. Flatøyvegen ved rundkjøringa ÅDT (minste) på 2000.
2. Vegdekke: Asfalt
3. Breidde: God utanom gangveg over Krossnessundbrua.
4. Fotgjengarovergangar: Det er undergang i krysset mellom F564 og FV245. Det manglar fotgjengarovergang mellom krysset frå Flatøyvegen og Solberget.
5. Gang- og sykkelveg: Gang- og sykkelveg ev. breidt fortau langs heile strekninga utanom Bustølvegen.
6. Lys: God

7. Generell sikt: God
8. Fartsgrense: 70 Km på Roslandsvegen
9. Omsyn om trafikktilhøve kan endre seg gjennom året: Ikkje aktuelt.

Individuelle føresetnader ved elevane:

Individuelle føresetnader (t.d. anna alder, syn, høyrsel og utvikling) vert vurdert opp mot relevante tilhøve ved vegen. Trygg Trafikk sin rettleiar for ulike alder vert brukt som rettleiing. Det er ikkje aktuelt å vurdere alder på elevar i 1. trinn då dei uansett vil ha rett på skyss grunna avstand (meir en 2 km).

<b>Barns forutsetninger i trafikken</b> (Kjelde: Trygg Trafikk sin veileder «Særlig farlig eller vanskelig skolevei»)	
<b>Alder</b>	<b>Kjenneteikn</b>
Elevar på 2. og 3. trinn	<ul style="list-style-type: none"> <li>· mer kroppskontroll, men fortsatt lekende og impulsive</li> <li>· tenker konkret og trenger konkret veiledning</li> <li>· har vanskeligheter med å ta andres perspektiv</li> <li>· fremdeles opptatt av regler</li> </ul>
Elevar på 4. og 5. trinn	<ul style="list-style-type: none"> <li>· har trafikkerfaring fra eget nærmiljø</li> <li>· ikke lenger så regelbundne, regler tilpasses eller droppes</li> <li>· stiller mer spørsmål og aksepterer ikke ukritisk voksnes pålegg og anbefalinger</li> <li>· mer selvstendige</li> <li>· begynner å relatere seg mer til jevnaldrende</li> </ul>
Elevar på 6. og 7. trinn	<ul style="list-style-type: none"> <li>· kan overføre erfaringer fra en situasjon til en annen</li> <li>· kan generalisere kunnskap</li> <li>· kan forutse situasjoner, forstår at biler kan komme selv om de ikke ser dem</li> <li>· har stor tro på egne ferdigheter</li> <li>· har evne til å ta andres perspektiv</li> <li>· forstår bedre konsekvenser av handlinger</li> </ul>

**Vurdering**

Ei vurdering om vegen er særleg farleg eller vanskeleg må ta omsyn til 1) føresetnader ved vegen og 2) dei individuelle føresetnadane elevene har for å ta seg fram på skulevegen.

Vegen har på det meste gode føresetnader. Sjølv om det er stor trafikk og fartsgrense på 70 km/t, har vegstrekninga gang- og sykkelveg og fortau. Det er gode lystilhøve, oversiktleg og godt vegdekke. Det er likevel eit viktig moment at trafikkmengde er stor på deler av strekninga, og at gangsti over Krossnessundbrua er smal og autovern/gjerde er såpass låg at barn lett kan sitje seg eller lene seg over kanten. Bustølvegen nyttast i dag av mange skuleborn og er vurdert til være ikkje særleg farleg eller vanskeleg.

Elevar på 2.-3. trinn har meir kroppskontroll enn elevar på 1. trinn, men er fortsatt leiken og impulsive. Dei tenkjer konkret og treng konkret rettleiing. Dei har vanskar med å ta andre sine perspektiv. Desse elevane vil ha dårlegare føresetnader for å ta seg for på strekninga, særskilt i tilknytning området rundkjøringa på Flatøy og over Krossnessundbrua.

Elevar på 4. og 5. trinn har trafikkerfaring frå eige nærmiljø er meir sjølvstendig og stiller spørsmål. Elevar på 6. og 7. trinn kan sjå situasjonar på førehand og forstår at bilar kan kome sjølv om dei ikkje ser dei. Elevar frå 4.-7. trinn vil ha vil ha føresetningar til å ta for seg på heile strekninga.

Vurdering av innspel frå FAU ved Sagstad skule er skildra i tabell under.

Nr.	Innspel	Vurdering
1	Gangveg over Krossnessundbrua har ikkje tilfredsstillande breidde samt for lavt rekkverk mot trafikk. Dette ikkje å betrakta som ein trygg skuleveg, heller særleg farleg. Det vert også vert påpeika i vurderinga at gangsti over Krossnessundbrua er smal og autovern/gjerde er såpas låg at barn lett kan sitje seg eller lene seg over kanten. Det er derimot ikkje vurdert noko om tiltak rundt dette. Ein kan ikkje påpeika at her er det ein overhengande fare uten at ein vurderer tiltak for å redusera denne faren.	I saksutgreiinga er gangveg over Krossnessundbrua vurdert som særleg farleg for dei miste elevane. Difor vil 2. og 3. trinn få behalde skyss til skulen.
	Notatet tar ikkje opp i seg at elevane må krysse Frekhaugkrysset. Frekhaugkrysset er eit uoversiktleg kryss med stor trafikk inn og ut frå Frekhaug senter/bussterminalen og Rosslandsvegen. I krysset er det ikkje fotgjengarovergang eller gangfelt som gir dei gåande prioritert. Utbetring av Frekhaugkrysset er omtalt i Meland kommune sin tiltaksplan for trafikksikring. I tiltaksplanen kjem det fram at det er planer om å utbetre krysset som ein del av Nordhordlandspakken.	Skulevegen går frem til overgangsfelt ved Rema 1000 og Rådhuset. Vidare følgjar elevane gangsti og fortau opp til sykkel-/gangsti langs Bustølvegen. Dette vert lik for andre elevar som bur på Frekhaug t.d. Lonneren og Nordgardshaugen.
	I Bustølvegen benyttar ein bilveg til sykkel-/gangsti, denne strekninga har stor persontrafikk til/frå skulen og er tidlegare foreslått av FAU å utbetras med oppmerking for syklistar og fotgjengere (maling i veg).  Vil potensielt medføra økt privat biltrafikk ved Sagstad skule då fleire vil kjøyre barna, dette er allereie eit belasta område mht. biltrafikk.	Auke i del elevar som ikkje lenger får rett til fri skyss er få (frå hausten 2018 er det 14 elevar). Det vil difor ikkje bli ein stor endring for dei elevane som allereie går langs dette strekket. For Flatøy- elevane vil det berre gjelde elevar frå 4. trinn og oppover. Dei er meir rusta til å ta seg fram i trafikkbilette grunna alder.  Her må føresette og skule kontinuerlig oppmode kvarandre om at barn går eller sykklar til skulen.
	Elevar 4.-7. trinn som bur lenger enn 4 km fra Sagstad skule (ca. alle som bor nord/øst for Flatøy Skule) vil fortsatt ha rett på skuleskyss, det vil sei at born som bur relativt nær kvarandre vil ha ulike tilbod/rettigheter og dette kan virka svært urettferdig. Strekninga er altfor langt å gå kvar dag med tung ransel, om det er 3,8 km eller 4,1 km.	Dette er ein problemstilling som gjeld alle elevar i kommunen. 4 km er ein absolutt grense. Praktisering av dette er ikkje unikt for barn som bur på Flatøy.

#### Folkehelse

Fleire barn og unge som får moglegheit til å gå og sykle til og frå skulen vil vere bra for folkehelsa.

#### Miljø:

Ikkje relevant.

#### Økonomi:

Ikkje relevant.

#### **Konklusjon**

Vurdering av innspel frå FAU på Sagstad skule gir ikkje grunnlag for å endre på forslag til prinsippvedtak. Vegstrekninga - *FV564 Flatøyvegen – Rosslandsvegen - Bustølvegen - til Sagstad skule*, har på det meste gode føresetnader. Elevar på 2.-3. trinn vil framleis ha rett til skyss grunna særleg farleg eller vanskeleg (heile året). Elevar frå 4.-7. trinn vil ikkje lenger ha rett til skyss grunna særleg farleg eller vanskeleg veg. Endringane vil gjelde frå skuleåret 2018-2019, og det gjeld til saman 14 elevar.

**Framlegg til vedtak:**

På vegstrekninga - *FV564 Flatøyvegen – Rosslandsvegen - Bustølvegen - til Sagstad skule*, vil elevar på 2.-3. trinn ha rett til skyss grunna særleg farleg eller vanskeleg veg (heile året). Elevar frå 4.-7. trinn vil ikkje ha rett til skyss grunna særleg farleg eller vanskeleg veg. Endringane vil gjelde frå skuleåret 2018-2019.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nåmdal	FE - 144, TI - &76	17/194

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
29/2018	Utval for levekår	PS	22.05.2018

## Temaplan barn og unge- status og prosess vidare

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I planstrategien for Meland er det sagt at kommunen skal utarbeide ein temaplan for barn og unge. Meland kommune har vedteke i sak 04/2017 å starte opp arbeidet med temaplan for barn og unge. Utval for levekår er styringsgruppe for planarbeidet. Planen skal vere overordna planer som omhandlar barn og unge i kommunen. Målet er å sjå heile oppvekstløpet for ulike grupper av barn og unge i samanheng. Kommuneplanen sine mål og delmål knytt opp mot barn og unge er førande for arbeidet med planen:

- *Meland skal ha ein god skule med læring og trivsel for alle*
- *Meland kommune skal sikra at alle barna har tilbod om barnehageplass av god kvalitet*
- *Det skal leggjast til rette for kulturtilbod for barn og unge*
- *Kulturskulen skal legge til rette for ei opplæring som fremjar glede i skapande verksemd, personleg vekst og kunstnarisk utvikling*
- *Det skal leggjast til rette for uformelle møteplassar*
- *Vi vil ha auka satsing på friluftsliv i skule, SFO og barnehage*
- *Vi skal gje barn og unge best mogeleg tilbod for å førebyggje fysiske og psykiske sjukdommar*
- *Vi skal styrke skulehelsetenesta*
- *Vi vil leggje til rette for at barn/barnefamiliar med særskild trong for hjelp får ein betre kvardag og trygge oppvekstvilkår*
- *Det skal og setjast inn ressursar på tverrfagleg arbeid for at ungdom ikkje fell utanfor skulelivet, og gjennomfører skulen og får deltaking i arbeidslivet.*



- *Det må leggast tilrette for å sikra barn sine leikeområde i nærmiljøet*

## **Vurdering**

### Status for arbeidet

Dei overordna mål og føringar i kommuneplan ligg til grunn for arbeidet retta mot barn og unge både på politisk og administrativt nivå. Arbeidet med temaplanen starta opp våren 2017. I prosessen har vi hatt drøftingar i utval for levekår(ULK). Det har og vore ein tverrfagleg workshop med tema «korleis skape gode oppvekstmiljø for barn og unge». Det er etablert ei administrativ arbeidsgruppe for planarbeidet. Det er delvis utført kartlegging over systemretta arbeid retta mot barn og unge i Meland.

### Ressursbruk

I arbeidet med planen har vi hatt utfordringar med å halde framdrift på planarbeidet. Dette er eit tverrfagleg arbeid som krev innsats frå mange fagområde, i tillegg til prosjektstyring. Det er eit stort press på å få gjennomført planar i administrasjonen, for at planane skal vere gode verktøy i den kommunale kvardagen krev det gode prosesser både internt og eksternt i organisasjonen. Slike prosesser tek tid og krev involvering både politisk og administrativt.

### Tidsperspektiv for planarbeidet

Vi skal bli Alver kommune i 2020, det er knytt utfordringar til å arbeide med ein plan som tek i seg visjonar og mål for barn og unge sin oppvekst i ein lenger tidshorisont inn i ein ny kommune. Alver vil få ny organisering både politisk og administrativt. Det er fleire problemstillingar knytt til dette med omsyn til kva rolle og funksjon planen vil få i Alver kommune.

I Alver vil oppvekstsektoren bli organisert etter tenestetilbodet knytt til barn og unge i alderen 0-19 år. Den endelege organisering er ikkje heilt på plass enda. Ein premiss med planarbeidet med temaplanen i Meland var å sjå på hele oppvekstløpet for ulike grupper av barn og unge. Vi skal i planarbeidet ikkje gå inn i detaljer i dei ulike spesifikke fagområda, men peike på strategiar som fagområda må arbeide vidare med knytt opp mot ein overordna kontekst.

### Framlegg om å endre status på plandokumentet

Rådmann kjem med framlegg om at temaplan barn og unge endrar karakter frå ein temaplan til eit kunnskaps- og status dokument. Vi gjer mykje godt arbeid retta mot barn og unge i Meland, slik kan vi som ein del av prosessen med å etablere nye Alver kommune ta med oss «beste praksis» frå Meland inn i det viktige arbeidet retta mot barn og unge.

### Tema i det vidare arbeidet med eit kunnskaps- og statusdokument for barn og unge

- Samordning av eksisterande planer

I Meland er det fleire planer som innan sin sektor omhandlar barn og unge sine oppvekstvilkår. Kartlegging av dei blir ein del av det vidare arbeidet med dokumentet.

Samordning av planar, vurdere korleis det i planarbeid vert lagt til rette for samordning og samarbeid mellom ulike tenester, med tanke på heilskap og samanheng. Identifisere eventuelle områder som ikkje inngår i eksisterande planverk.

- Kunnskap og status

Vi skal lage oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorar for barn og unge ut frå kjent kunnskap. Denne skal vise dei viktigaste utfordringane i kommunen og ligge til grunn for systematisk, tverrsektorielt og kunnskapsbasert arbeid retta mot barn og unge.

- Status over dagens praksis

Meland kommune arbeider med fleire ulike tiltak, program og tilbod til barn og unge, både på system og individnivå. Vi vil kartlegge og systematisere desse som ein del av kunnskapsgrunnlaget for det vidare arbeidet retta mot barn og unge.

### **Konklusjon**

Rådmann kjem med framlegg om at temaplan barn og unge endrar karakter frå ein temaplan til eit kunnskaps - og status dokument. Tema i det vidare arbeidet med eit kunnskaps- og statusdokument for barn og unge er:

- Samordning av eksisterande planer
- Kunnskap og status
- Status over dagens praksis og tilbod

### **Framlegg til vedtak:**

Temaplan for barn og unge endrar status til eit kunnskaps- og status dokument i tråd med saksutgreiinga.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		18/561

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
30/2018	Utval for levekår	PS	22.05.2018

**Aktuelle saker**

**Saksopplysningar:**

**Framlegg til vedtak:**